

Førde kontrollutval

Møteinnkalling

Møtedato: 20.10.2014
Møtestad: Førde rådhus, møterom Krunene 5. etg.
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, revisor i sak 040/14

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no)
Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
038/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/14	Skriv og meldingar
040/14	Orientering frå revisor om finansiell revisjon i Førde kommune
041/14	Budsjett for kontrollutvalet i Førde 2015
042/14	Oppfølgingsliste 7-2014
043/14	Eventuelt

Med helsing

Anne Lise Bekjorden
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 20.10.2014	Saksnr 038/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/258
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 20.10.2014	Saksnr 039/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/253
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.10.2014	BY-037/14 Prosjektrekneskap Førde rådhus, handsama 25.9.2014	613
07.10.2014	BY-038/14 Forvaltningsrevisjon innkjøp, handsama 25.9.2014	614

SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim møtte i kontormøte til personal- og serviceeininga til Førde kommune 15.9.2014, og informerte om kontrollutvalet, jfr sak 028/14 Kor tilgjengeleg er kontrollutvalet.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



Førde kommune

Styre, råd og utval

Formannskapet

Bystyret

Møtedato

11.09.2014

25.09.2014

Saksnr

055/14

037/14

Sakshandsamar:

Lise Mari Haugen

Arkiv:

FE-210

Arkivsaknr.:

14/1181

Prosjektrekneskap Førde rådhus

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.08.2014	Prosjektrekneskap Førde rådhus	141134
15.08.2014	Revisjonsmelding til prosjektrekneskap for Førde rådhus	141773
02.05.2014	Førde rådhus, evaluerings-/sluttrapport	132654
08.09.2014	Prosjektrekneskap Førde rådhus - vedtak i kontrollutvalet 08.09.14	143884

Oppsummering

Rådhuset var innflyttingsklart 1. september 2013.

Det har vore ein krevjande prosess å realisere Førde rådhus. Oversikt over politiske vedtak, ein stram framdriftsplan og reduksjon av kostnader med om lag 50 mill kr gir eit bilde over utfordringane.

Totalt kjem prosjektrekneskapen for Førde rådhus ut med eit mindreforbruk på 0,7 mill kr i forhold til total låneramme på 222,8 mill kr.

Rådmannen er godt nøgd med at låneramma er halden.

Driftskonsekvensen av Førde rådhus er betra, då auka rente- og avdragskostnad vert finansert med husleigeinntekter, bortfall av husleigekostnad samt effekt av innsparingstiltak. Det er ikkje funne nødvendig å nytte bruk av fond for å dekke inn rentekostnad.

Prosjektorganisering har på ein god måte møtt utfordringane som ligg i eit komplisert prosjekt som bygging av rådhus er.

Skisserte mål er i stor grad nådd.

Førde rådhus er eit tenleg bygg for tilsette med gode men nøkterne kvalitetar der publikum har fått «ei dør» til vesentlege kommunale tenester.

Bygget og uteområdet vil også vere positivt for sentrumsutviklinga og for Førdefolk si identitetskjensle.

Det er gjennomført evaluering/ utarbeida sluttrapport for prosjektet. Rapporten følger som vedlegg til saka.

Politiske vedtak

Førde Bystyre godkjente i sak 022/07 makebyteavtale med Coop Sogn og Fjordane BA om kjøp av tomt til rådhuset. Verdien på avtalen var 13,8 mill kr der Coop sel rådhusomt og overtar areal for drosjesentral/ parkeringsplass.

Førde Bystyre drøfta 27.03.2008 i sak 17/08 spørsmålet om å bygge nytt rådhus i Sentrum Sør, og gjorde vedtak om å bytte nytt rådhus for Førde kommune på kommunen sin eigedom ved Langebrutorget og innanfor ei førebels kostnadsramme på 180 mill kr.

Førde Bystyre drøfta 18.02.2010 i sak 013/10 ulike utbyggingsstrategiar for Rådhuskvartalet, og gjorde vedtak om å realisere bygging av rådhuset i Førde fase 1 innanfor ei samla kostnadsramme på 200 mill kr. Intensjonsavtale om kjøp av Langebruvegen 8 og 10 for 16 mill kr vart godkjent.

Bystyret løyvde 17.06.2010 i sak 049/10 forskotering av 8,5 mill kr ekskl. mva til prosjektering av Førde rådhus.

Bystyret vedtok 17.02.2011 i sak 001/11 å realisere rådhuset i eigen regi innanfor ein netto kostnad på 200 mill kr i 2010-prisar finansiert med låneopptak. Realisert tomtekjøp på 29,8 mill kr er halde utanom.

Formannskapet handsama 14.04.2011 i sak 030/11 utgreiingsalternativ med innglassing, og gjorde vedtak om å prosjektere og forsterke slik at det evt. kan byggast glastak over atriet i eit framtidig Førde rådhus.

Bystyret vedtok 27.10.2011 sak 055/11 å realisere 5. etasje i Førde Rådhus innanfor økonomiske rammer gitt i Bystyresak 001/11.

Bystyret løyvde 29.03.2012 i sak 018/12 midlar til naudstraumsaggregat og trafo innanfor ei netto låneramme på 1,775 mill kr.

Formannskapet godkjente 10.03.2011 i sak 021/11 prosjektorganisering og krav frå KORO for å få tildelt midlar til kunst i Førde rådhus.

Formannskapet løyvde 23.06.2011 i sak 044/11 midlar til kjøp av Fjellvegen 14 der 3,48 mill kr vert finansiert innanfor ramma til rådhusprosjektet og 1,1 mill kr vert finansiert av parkeringsfondet.

Formannskapet løyvde 23.05.2013 i sak 037/13 i medhald av § 13 i Kommunelova - "Hasteparagrafen" auka midlar til inventar og utstyr med inntil 2,65 mill kr + mva.

Bystyret handsama 19.06.2013 i sak 032/13 tertialrapport pr. 30.04.2013 der budsjettramma for Førde rådhus vert auka med prisstigning – totalt 13,9 mill kr.

Bystyret løyvde 21.03.2013 i sak 010/13 midlar til" Rådhuskvartalet - utomhusanlegg

+ atriety" av budsjettert løyving til sentrumstiltak. Kommunale midlar til sentrumstiltak utgjør 4,5 mill kr medan INU-midlar utgjør 3 mill kr.

Grunnerverv

Førde kommune inngjekk i januar 2008 makebyteavtale med Coop Sogn og Fjordane BA om kjøp av tomt til rådhuset med bakgrunn i Bystyresak 022/07.

Makebyteavtalen har ein total verdi på 13,8 mill kr der Coop gjev frå seg rådhusomtata og overtar areal for drosjesentral/ parkeringsplass. Nettkostnad for kommunen er 10,5 mill kr. Låneopptak er gjennomført i 2009 basert på bystyresak 021/09 «Inndekking av underskot i investeringsrekneskapen 2007/2008».

Førde kommune kjøpte i juni 2010 Langebruvegen 8-10 for 16 mill kr i samsvar med bystyresak 013/10. Det står att å finansiere meirkostnad på 0,4 mill kr vedrørende grunnerverv. Meirkostnad omfattar dokumentavgift og er finansiert innanfor ramma av prosjektrekneskapen.

Realisert tomtekjøp på 29,8 mill kr er finansiert med eigne løyvingar og er derfor halde utanom byggeprosjektet.

Byggeprosjekt - løyving

Total løyving til byggeprosjektet utgjør 263,4 mill kr med bakgrunn i åtte ulike politiske vedtak. Total låneramme utgjør 222,8 mill kr.

Tabellen nedanfor oppsummerer politiske saker med låneramme og løyving:

Heimel for prosjektet / vedtak			
Saksnr		Løyving	Låneramme
BY 049/10	Budsjettendring 2010	10 625 000	8 500 000
BY 001/11	Førde rådhus	221 288 504	191 500 000
BY 018/12	Førde rådhus - naudstrøm og flytting av trafo	2 562 500	1 775 000
F 044/11	Parkeringsfondet	1 134 647	0
F 021/11	Førde rådhus kunstprosjektet	500 000	0
BY 032/13	Tertialrapport - prisstigning Førde rådhus	16 445 492	13 878 052
FO 037/13	Inventar og utstyr Førde rådhus	3 312 500	2 650 000
		255 868 643	218 303 052
BY 010/13	Rådhuskvartalet - utomhusanlegg + atriety	7 500 000	4 500 000
		263 368 643	222 803 052

Rekneskap - byggeprosjekt

Prosjekt nr		Rekneskap	Budsjett
Totalt 1028	Langebruvegen 8-10, 2010	428 874	428 874
Totalt 1030	Rådhus hovedprosjekt 2010	43 760 709	44 414 469
Totalt 1175	Kjøp av Fjellvegen 14	4 614 700	4 614 647
Totalt 1212	Førde rådhus kunstprosjekt	2 782 910	2 500 000
Totalt 1213	Førderådhus inventar og utstyr	7 056 737	7 062 500
Totalt 1220	Førde Rådhus byggeprosjekt	200 492 129	193 029 403
Totalt 1236	Naudstraumsaggregat Førde Rådhus	3 762 880	1 943 750
Totalt 1269	Rådhuskvartalet - utomhusanlegg + atriet	7 500 000	7 500 000
Totalt 1311	Førde Rådhus trafo	1 872 123	1 875 000
	Totalsamandrag		
	Kostnader prosjektnr 1028 - 1311	220 876 352	221 336 699
	Rentekostnad	3 484 607	5 656 000
	Avsett til parkeringsfond	720 000	720 000
	Avsett til fond (dekke kostnad ikkje påløpt)	2 625 267	0
	Sum netto kostnad	227 706 226	227 712 699
	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	44 586 450	35 655 944
	Utgiftsført totalt	272 292 676	263 368 643

I rekneskapen er Førde rådhus fordelt på ni ulike investeringsprosjekt. Summen av disse utgjør den totale prosjektrekneskapen for Førde rådhus.

Sum netto kostnad for Førde rådhus er 227,7 mill kr.

Total utgiftsført kostnad inkludert meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon utgjør 272,3 mill kr. Inkludert i disse kostnadene er 2,6 mill kr som er avsett til fond for å dekke kostnader som ikkje er påløpt ved avlegging av rekneskap. Disse er omtalt i egne avsnitt nedanfor.

Meirkostnaden utgjør 8,9 mill kr ved samanlikning av total utgiftsført kostnad på 272,3 mill kr mot budsjettert totalt kostnad på 263,4 mill kr.

Meirkostnaden kan forklarast ut frå følgjande forhold:

- Ekstra konsulentkostnad til omprosjektering for å redusere projektkostnad
- Konkurs i høve to sideentreprisar
- Bygging av 5. etasje
- Førebuing for evt. bygging av glastak over atriet
- Auka kostnad for etablering av nødstraumsaggregat og flytting av trafo

Finansiering	Rekneskap	Budsjett
Bruk av lån	-222 058 923	-222 803 052
Overføring frå fylkeskommunen (INU-midlar)	-3 000 000	-3 000 000
Bruk av bundne investeringsfond (parkeringsfond)	-1 134 647	-1 134 647
Internsal - masser til Hafstadparken	-851 500	0
Tilskot KORO	-500 000	-500 000
Refusjon frå SYS IKT	-275 000	-275 000
Refusjonar/ internsal	-129 956	0
Sum finansiering ekskl. mva	-227 950 026	-227 712 699
Inntektsført momskompensasjon	-44 342 650	-35 655 944
Sum finansiering totalt	-272 292 676	-263 368 643

Meirinntekter utgjer 8,9 mill kr ved samanlikning av total inntektsført finansiering mot budsjettet. Meirinntekt kan forklarast ut frå følgjande forhold:

- Grad av meirverdiavgiftsrefusjon/ kompensasjon er auka samanlikna med budsjett. Det er med bakgrunn i kor stor del av bygget som vert nytta kommunalt (grunnlag for mva-kompensasjon) og kor stor del av bygget som vert leigd ut til mva-kompensasjon/refusjonsberettiga leietakarar. Dette er omtalt i eige avsnitt nedanfor.
- Masser frå rådhusomtå er nytta i Hafstadparken. Dette er fakturert 0,85 mill kr for dette.

Totalt kjem prosjektrekneskapen for Førde rådhus ut med eit mindreforbruk på 0,7 mill kr i forhold til total låneramme på 222,8 mill kr.

Avsetjing til parkeringsfond på kr 720.000,- gjeld frikjøp av 6 parkeringsplassar med bakgrunn i gjeldande parkeringsnorm omtalt i rammeløyve for oppføring av rådhus.

Fondsavsetjing for å dekke kostnader som ikkje er påløpt ved avlegging av rekneskapen:

- Hovudprosjekt - Sett av midlar til rekkverk på rømningstrapp kr 100.000,-
- Kunstprosjekt - sett av midlar til kunstbrosjyre og bestilt utsmykking kr 90.000
- Inventar og utstyr - sett av resterande budsjettmidlar til ferdigstilling av møterom, streaming, innvendig skjerming, skilt utomhus. Totalt 760.000,-
- Trafo - sett av midlar til jord/ asfalt kr 40.000,-
- Rådhuskvartalet - resterande budsjettmidlar på 1,6 mill kr er sett av til fond for å finansiere asfaltering av parkeringsplass, oppmerking, rampe v/ Langebruvegen.

Forhold som ikkje er avslutta ved framlegging av prosjektrekneskap

- Det er ikkje avsett midlar i prosjektet til å møte evt. krav frå Vegvesenet om å ta igjen arbeid på E-39 jamfør overgang til trafo.
- Generelt er det 3 år foreldelsesfrist på evt. krav mot Førde kommune.
- Ein er framleis i forhandlingar om parkeringsavtale med Fokusgården AS. Avtalen må på plass for å oppfylle vilkår som er sett for å få redusert krav til parkeringsdekning.

Momskompensasjon

Det er i samsvar med bystyresak 013/10 lagt til grunn at momskompensasjonen fullt ut skal tilbakeføres til prosjektet.

Byggekostnad, inventar og utstyr, reserve/margin samt prisstigning er prisar inkl. moms som inngår i momskompensasjonsgrunnlaget.

Ettersom rådhuset også har utleigeareal må dette haldast utanom momskompensasjonen. I arealoversikt av januar 2011 er kompensasjonsgraden berekna til 74 %.

Førde kommune er frivillig registrert i Meirverdiavgiftsregisteret for utleige av bygg og anlegg til mva-pliktig verksemd. Vi kan derfor frådragsføre inngåande avgift på anskaffingar til bruk i mva-pliktig verksemd.

Oppdaterte berekningar lagt til grunn i prosjektrekneskapen har ei kompensasjonsgrad på 85 % samt at 6 % av arealet har rett til frådrag for meirverdiavgift.

Auken i kompensasjonsgrad skuldast at kommunalt areal har auka med 6 prosentpoeng samt at ledig areal i 1. etasje er rekneskapsført som kommunalt areal. Dette utgjør 5 prosentpoeng.

Med bakgrunn i at det ikkje føreligg konkrete kontraktar med eksterne leigetakarar for ledige lokale i Førde rådhus og at det kan vere aktuelt at Førde kommune sjølv tek lokala i bruk, har kommunen på grunn av foreldingsreglane for momskompensasjon valt å føre frådrag for momskompensasjon for ledige lokale.

SNU, Kryss revisjon og Sekom har rett til frådrag mva. Dette utgjør 6 prosentpoeng i mva-refusjon.

I samband med revisjonen sin gjennomgang av prosjektrekneskapen er det oppdaga eit avvik på 243.800,- kr mellom bokført og inntektsført momskompensasjon.

Det er inntektsført 243.800,- kr for lite i momskompensasjon.

Forklaringa på dette er at momskompensasjonen er inntektsført i driftsrekneskapen og ved årsavslutning er ikkje all momskompensasjon som vedrører Førde rådhus tilbakeført til investeringsprosjektet. Dette gjeld hovudsakleg føringar i 2010.

Det vert ikkje tilrådd å korrigere for dette i 2014. Ei evt. korrigering ville betra prosjektrekneskapen tilsvarande 243.800 kr.

Konsekvens av Førde rådhus i driftsbudsjettet for Førde kommune

Rente og avdragskostnad utgjør 11,9 mill kr i budsjettet 2014 (heilårseffekt). Talgrunnlaget frå bystyrevedtak B-sak 01/11 er innarbeida i tabellen. Det er ikkje funne nødvendig å nytte bruk av fond for å dekke inn rentekostnad grunna inngått fastrenteavtale. Talgrunnlaget er innarbeida i budsjettframlegget for 2014.

	BY 001/11	Budsjett 2014
Rentekostnad	9 425 955	7 640 607
Avdragskostnad	4 189 313	4 313 061
SUM UTGIFTER	13 615 268	11 953 668
Husleigeinntekter	-3 522 920	-3 528 766
Bortfall husleigekostnad	-4 476 634	-5 607 115
Innsparingstiltak	-2 000 000	-2 000 000
Finansiert økonomiplan	-1 713 710	-800 000
Bruk av fond	-1 902 004	0
SUM INNTEKTER	-13 615 268	-11 935 881
	0	17 787

Kort oppsummert viser tabellen at auka rente- og avdragskostnad vert finansiert med husleigeinntekter, bortfall av husleigekostnad samt effekt av innsparingstiltak.

Byggekostnad

	Sak 017/08	Sak 013/10	Status juni. -14
	1000 kr	1000 kr	1000 kr pr. 2014
Tomtekjøp	13 000	29 800	29 800
Frikjøpskostnad			4 200
Rivekostnad			3 750
Byggekostnad inkl. prosjektering	177 155	195 500	236 063
Prosjektleiing/ planlegging		2 000	1 813
Diverse		2 021	0
Kunstprosjekt			2 773
Trafo			1 872
Naudstraum			3 763
Inventar og utstyr			7 076
Byggelånsrente			3 471
Rådhuskvartalet - utomhusanlegg + atriene			7 500
BRUTTO KOSTNAD	190 155	229 321	302 081
Mva. komp.		-29 321	-44 321
NETTO KOSTNAD	190 155	200 000	257 760
BTA - kontor/møterom/fellesareal	5 868	6 525	7 527
BTA - tekniske rom/lager	405	500	879
Sum BTA	6 273	7 025	8 406
Parkeringsareal		2 550	1 345
Totalt areal	6 273	9 575	9 751
Byggekostnad pr BTA	28 240	27 829	28 083
Byggekostnad pr totalt areal	28 240	20 418	24 209
Brutto kostnad pr BTA	30 312	32 644	35 936
Brutto kostnad pr totalt areal	30 312	23 950	30 979
Netto kostnad pr BTA	30 312	28 470	30 664
Netto kostnad pr totalt areal	30 312	20 888	26 434

Tabellen syner berekning av byggekostnad berekna ut frå dei økonomiske rammene i politiske vedtak og i prosjektrekneskap for Førde rådhus.

Byggekostnad pr BTA (bruttoareal eks parkering) er mest relevant for samanlikning og viser ein byggekostnad på kr 28.083,- kr pr. bruttoareal med unntak av parkeringsareal.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 05.08.2014, for Førde rådhus vert godkjend.
2. Mindreforbruket på 0,7 mill kr vert avsett til fond for å dekke evt. kostnader knytt til forhold som ikkje er avslutta på tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskap.

Handsaming i Formannskapet 11.09.2014: **Samrøystes tilråding**

FORM-055/14 Vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 05.08.2014, for Førde rådhus vert godkjend.
2. Mindreforbruket på 0,7 mill kr vert avsett til fond for å dekke evt. kostnader knytt til forhold som ikkje er avslutta på tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskap.

Handsaming i Bystyret 25.09.2014: **Samrøystes vedtak**

BY-037/14 Vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 05.08.2014, for Førde rådhus vert godkjend.
2. Mindreforbruket på 0,7 mill kr vert avsett til fond for å dekke evt. kostnader knytt til forhold som ikkje er avslutta på tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskap.

Førde, den 05.08.2014

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57612704



Førde kommune

Styre, råd og utval

Formannskapet
Bystyret

Møtedato

26.06.2014
25.09.2014

Saksnr

048/14
038/14

Sakshandsamar:

Lise Mari Haugen

Arkiv:

FE-216

Arkivsaknr.:

13/1813

Forvaltningsrevisjon innkjøp

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.04.2014	Endeleg oversendt forvaltningsrevisjonsrapport Innkjøpsavtaler mm Førde kommune.pdf	130136
23.06.2014	Kontrollutvalet sitt vedtak i sak 27-14	138083

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har i møte 20.06.14 sak 27/14, handsama sak om forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsavtaler. Saka er oversendt for handsaming i formannskapet/bystyre.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Bystyret tek rapporten til orientering med følgjande merknader til hovudavsnitta i rapporten:

1. Etterleving av felles innkjøpsavtaler
Bystyret merkar seg hovudkonklusjon og tilråding på side 14 i rapporten. Det må sikrast at alle som har innkjøpsmynde også har god kjennskap til innkjøpsavtalene. Bystyret merkar seg rådmannen sine merknader til rapporten mellom anna innføring av elektronisk handel.
2. Organisering av innkjøpsfunksjonen
Bystyret merkar seg konklusjon på side 8 i rapporten. Ved desentralisert innkjøpsmynde er det viktig å redusere risiko for feil ved god opplæring og oppfølging av alle som har innkjøpsmynde.
3. Reglement og rutinar
Bystyret tolkar rapporten slik at det i hovudsak er gode og tydelege reglement og rutinar. Bystyret merkar seg tilrådinga på side 10 i rapporten om endringar og tillegg til reglement og rutinar.
4. Oppfølging
Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølging av funna i rapporten, arbeidet med eigenkontroll og innføring av elektronisk handel innan 1.4.15.

Handsaming i Formannskapet 26.06.2014:

Samrøystes tilråding

FORM-048/14 Vedtak:

1. Etterleving av felles innkjøpsavtaler
Bystyret merkar seg hovudkonklusjon og tilråding på side 14 i rapporten. Det må sikrast at alle som har innkjøpsmynde også har god kjennskap til innkjøpsavtalene. Bystyret merkar seg rådmannen sine merknader til rapporten mellom anna innføring av elektronisk handel.
2. Organisering av innkjøpsfunksjonen
Bystyret merkar seg konklusjon på side 8 i rapporten. Ved desentralisert innkjøpsmynde er det viktig å redusere risiko for feil ved god opplæring og oppfølging av alle som har innkjøpsmynde.
3. Reglement og rutinar
Bystyret tolkar rapporten slik at det i hovudsak er gode og tydelege reglement og rutinar. Bystyret merkar seg tilrådinga på side 10 i rapporten om endringar og tillegg til reglement og rutinar.
4. Oppfølging.
Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølging av funna i rapporten, arbeidet med eigenkontroll og innføring av elektronisk handel innan 1.4.15.

Handsaming i Bystyret 25.09.2014:

SV v/Helge Schei gjorde framlegg til slikt alternativt vedtak:
«Bystyre tek rapporten til orientering».

Avrøysting:

SV sitt framlegg fekk 3 røyster og fall
Kontrollutvalet sitt framlegg fekk 24 røyster og vart vedteke

BY-038/14 Vedtak:

Bystyret tek rapporten til orientering med følgjande merknader til hovudavsnitta i rapporten:

1. Etterleving av felles innkjøpsavtaler
Bystyret merkar seg hovudkonklusjon og tilråding på side 14 i rapporten. Det må sikrast at alle som har innkjøpsmynde også har god kjennskap til innkjøpsavtalene. Bystyret merkar seg rådmannen sine merknader til rapporten mellom anna innføring av elektronisk handel.
2. Organisering av innkjøpsfunksjonen
Bystyret merkar seg konklusjon på side 8 i rapporten. Ved desentralisert innkjøpsmynde er det viktig å redusere risiko for feil ved god opplæring og oppfølging av alle som har innkjøpsmynde.
3. Reglement og rutinar
Bystyret tolkar rapporten slik at det i hovudsak er gode og tydelege reglement og rutinar. Bystyret merkar seg tilrådinga på side 10 i rapporten om endringar og tillegg til reglement og rutinar.
4. Oppfølging.
Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølging av funna i rapporten,

arbeidet med eigenkontroll og innføring av elektronisk handel innan 1.4.15.

Førde, den 23.06.2014

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57612704

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 20.10.2014	Saksnr 040/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/256
---	-------------------------	-------------------------------

Orientering frå revisor om finansiell revisjon i Førde kommune

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Orientering frå KRYSS Revisjon om arbeidet med finansiell revisjon i Førde kommune vert teke til vitande.

Saksutgreiing:

Informasjon frå revisor om arbeidet med finansiell revisjon er noko som står på oppfølgingslista til kontrollutvalet. Det er no over to år sidan slik orientering vart gitt i eiga sak, utanom informasjon i samband med handsaming av årsbudsjettet.

Dette er teke opp med Kryss Revisjon, og Kari Sygna kan møte og orientere om arbeidet som vert gjort i samband med finansiell revisjon for 2014 i Førde kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 20.10.2014	Saksnr 041/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 14/254
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett for kontrollutvalet i Førde 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Budsjett 2015
10800 Godtgjersle folkevalde	42 000
10801 Godtgjersle leiar	30 000
10990 Arbeidsgjevaravgift	10 000
11500 Opplæring, kurs/seminar	20 000
11600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil	3 000
11959 Kontingent FKT	4 000
Samla	109 000

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element: revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet, og det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre.

Førde kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Møtegodtgjersle/ tappt arbeidsforteneste

Arbeidsgjevaravgift

Opplæring/kurs/seminar

Skyss- og diettgodtgjersle

Kontingentar

For kontrollutvalet i Førde gjeld følgjande satsar for godtgjersle:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsfortjeneste, kr 1500 ulegitimert pr. dag. Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekket etter dokumentasjon inntil kr 4.000.
- Fast møtegodtgjersle for kontrollutvalgsmedlemar er 3 % av ordførar godtgjersla (pr dd kr 987.300) dvs kr 29.619
- Møtegodtgjersle for medlemmer/varamedlemmer i kontrollutvalet er kr 700 pr. møte.

Konto		Budsjett 2015	Budsjett 2014	Rekneskap 2013
10800	Godtgjersle folkevalde	42 000	44 000	0
10801	Godtgjersle leiar	30 000	29 000	28 394
10990	Arbeidsgjevaravgift	10 000	10 000	3 930
11500	Opplæring, kurs/seminar	20 000	20 000	5 400
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil	3 000	2 000	0
11959	Kontingent FKT	4 000	4 000	3 500
	Samla	109 000	109 000	41 224

I 2013 har godtgjersle til medlemmene blitt ført på feil teneste 10010 folkevalde, dette vert retta og ført på teneste 11051 kontrollutval i 2014.

SEKOM-sekretariat har ikkje føreslege auke i budsjettet for 2015 sett i forhold til 2014. Vi reknar med at opplæring av nye folkevalde i hovudsak vert gjennomført i januar 2016, og at det difor ikkje vert noko høgre utgifter til dette i 2015.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 20.10.2014	Saksnr 042/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/200
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 7-2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.11.2009	-Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor om arbeidet med finansiell revisjon. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
Oppfølging av selskapskontroll og forvaltningsrevisjon	8.4.2014 7.5.2014 8.10.2014	Sak 19/14 Eventuelt Vedtak: Kontrollutvalet viser til §§ 9 og 13 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, og ynskjer å sette fokus på korleis kontrollutvalet føl opp pliktene sine i forhold til selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Sak 21/14 Skriv og meldingar, SM 11/14: Oppfølging av selskapskontroll vert lagt på oppfølgingslista for seinare avklaring. Sendt e-post til FKT v/Hogne Haktorson.
Forvaltningsrevisjons-prosjekt - Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid	31.1.2013 31.1.2013 13.3.2013 7.5.2014 20.6.2014	Sak 04/13 Tinging vedteken. Tinging sendt til KRYSS-revisjon. Sak 11/13, Prosjektplan vart godkjent. Sak 22/14, Rapport vart lagt fram. Innhaldet og formulering av vedtak i kontrollutvalet vart drøfta. Saka vart utsett til neste møte. Sak 27/14 vedtak: Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune deltek i» datert 2.4.14. Kontrollutvalet sender rapporten over

	20.6.2014 25.9.2014	til bystyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Bystyret tek rapporten til orientering med følgjande merknader til hovudavsnitta i rapporten: 1. Etterleving av felles innkjøpsavtaler Bystyret merkar seg hovudkonklusjon og tilråding på side 14 i rapporten. Det må sikrast at alle som har innkjøpsmynde også har god kjennskap til innkjøpsavtalene. Bystyret merkar seg rådmannen sine merknader til rapporten mellom anna innføring av elektronisk handel. 2. Organisering av innkjøpsfunksjonen Bystyret merkar seg konklusjon på side 8 i rapporten. Ved desentralisert innkjøpsmynde er det viktig å redusere risiko for feil ved god opplæring og oppfølging av alle som har innkjøpsmynde. 3. Reglement og rutiner Bystyret tolkar rapporten slik at det i hovudsak er gode og tydelege reglement og rutiner. Bystyret merkar seg tilrådinga på side 10 i rapporten om endringar og tillegg til reglement og rutiner. 4. Oppfølging Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølging av funna i rapporten, arbeidet med eigenkontroll og innføring av elektronisk handel innan 1.4.15. Sendt Førde kommune/bystyret for handsaming Vedteken i bystyret sak BY-038/14.
Forvaltningsrevisjon: Korrekt handsaming av din sak	20.6.2014 20.6.2014 8.9.2014	Sak 29/14 vedtak: Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av di sak. 1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester 2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova 3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regeleverk Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015. Tinginga sendt til Kryss revisjon. Sak 035/14 vedtak: Kontrollutvalet tek prosjektplanen til orientering.
Sak 034/14	8.9.2014 8.9.2014 25.9.2014	Vedtak: Prosjektrekneskapen datert 5.8.2014 for Førde rådhus vert godkjend slik den ligg føre. Sendt Førde kommune/bystyret. Vedteken i bystyret sak BY-037/14.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 20.10.2014	Saksnr 043/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/259
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).